



Ester Mørstad har all grunn til å vera fornøgd med jobben ho har gjort med skulemusikkfana. (Foto: Ola Matti Mathisen)

17. mai 2007 kan skulemusikken marsjere gjennom bygda bak ei nyrestaurert fane, som i tillegg har fått ein flott soloppgong som motiv! Ester Mørstad har gjort ein stor jobb med restaureringa i samarbeid

med Uskedalens dyktige "fanekunstnar" Tor H. Myklebust.

Fana vart nytta første gong 17. mai i 1973 og då hadde Esther vore med og sydd fana sammen med mora si, Tora Myklebust.

Men fana har eigentleg ei mykje lenger historie enn som så og her overlet vi ordet til Ester:

- Faren min, Edvard S. Myklebust, var ein stor korpsentusiast og var med og stifta musikklaget. Seinare vart han dirigent for det. Mor vart også oppglødd og under krigen starta ho ei utlodding til inntekt for ei fane til musikklaget. I 1957 fekk ho til ei utlodding til det same føremålet, med den den klausul at hvis det vart ein slant att, skulle den gå til ei fane for ein skulemusikk i bygda. Og heldigvis vart det ein slant igjen som godgjorde seg til saka vart aktuell. Det vart den i 1969, då skulemusikken vart stifta.

Fana vart innvigd med stort seremoniell 17. mai fire år seinare. Då uttala Buster Arnesen mellom anna at ei fane ikkje berre skulle vera til pynt, ho skulle også vera eit samlingsymbol til inspirasjon for borna, foreldra og ygddefolket elles. Ho retta ein stor takk til Tor H. Myklebust, Tora Myklebust og Ester Mørstad for innsatsen med fana.

Tor hadde nytta same motiv som på fana til musikklaget og Tora og Ester hadde sete i Bergen og gjort syarbeidet på vel ein månad.

Botnen i fana er ein vakker og varm raudfarge. Midt på fana er det ei lyre og inni den er det "klassiske motiv" oppover Uskedalen med Ulvanåso og kyrkja i fokus. Under lyra står det ei noteline som gjev att dei første tonene i "Dei gamle fjell i syningom". Den no restaurerte fana har i tillegg fått sin soloppgong lengst nede, under notelina.

- Der Tor har felt inn soloppgongen var det ingenting før – berre eit stort hol, fortel Ester som hadde frynser og anna i syskrinet sitt til andre reparasjonar. Fana var også noko skamfert lenger oppe, men no ser ho ut som ny!

Av Ola Matti Mathisen